



Hermund(f.v.), Hans Fredrik, Dag Rune, Marius og Sondre jublar etter å ha gjort ein god kamp.

**Etter ein imponerende sluttspurt sikra A-laget til Rosendal Turnlag seg årets første bortesiger i dag. På Krohnsminde kunstgrasbane leia Ny-Krohnborg 2 med 2 - 1 ved pause, men sluttsiffera vart gledelege 4 - 3 til Rosendal.**

Det var 5 uskedelingar med på laget denne gangen og det vert rapportert at dei bidrog sterkt til det gledelege resultatet. Dei 5 var: Hermund Døssland, Sondre S. Myklebust, Dag Rune Myklebust, Hans Fredrik Zimmer og Marius Myklebust.

Etter at Ny-Krohnborg 2 hadde tatt leiinga, lobba Hans Fredrik Zimmer ballen fint i mål. Dermed var laga like langt. Ny-Krohnborg 2 scora eit mål til i 1.omgang, og dermed leia heimelaget 2 - 1 ved pause.

2. omgang starta uheldig for vårt lag. Tidleg i omgangen gjekk heimelaget opp i 3 - 1 leiing etter eit sjølvsmål. Dette vekte Rosendals-laget. Dei sette på turboen med flott pasningsspel, og utteljingane kom.

Dag Rune Myklebust fekk skikkeleg klem på eit langskot, og det gjekk rett i mål. Nokre minutt seinare vart eit flott innlegg heada i mål av Svein Bjørke, og dermed var stillinga brått 3 - 3. Dermed var t det ein svært spennande slutt på kampen.

Avgjerda kom etter at Marius Myklebust gjorde eit flott raid på høgresida. Han leverte ein god pasning til Sondre S. Myklebust. Sistnemnde snudde seg rundt og klinka ballen i mål heilt borte ved stolpen. Ei viktig og avgjerande scoring! Dermed var første borteseieren denne sesongen eit faktum.

Dei 3 poenga i dag førte til at laget klatra ytterlegare eit par plasser på tabellen. Dei passerte mellom anna dagens motstandar. Dei er no på femteplass med 14 poeng.



[Frå dagens kamp.](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Ragnvald Myklebust